



Fylkesmannen i Rogaland

Rapport frå tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap i Klepp kommune 30. januar 2013

Kommunens adresse: Klepp kommune
Tidsrom for tilsynet: 2013
Kontaktperson i kommunen: Frank Bjørnø

Samandrag

Tilsynet blei gjennomført med heimel i lov 26. juni 2010 om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven) § 29 og forskrift 22. august 2011 om kommunal beredskapsplikt § 10.

Tema for tilsynet var Klepp kommune si oppfylting av beredskapspliktene etter §§ 14 og 15 i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet avdekket to avvik:

Avvik 1

Kommunen sin heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyse oppfyller ikkje krava i lov og forskrift.

Avvik 2

Kommunen sin overordna beredskapsplan oppfyller ikkje krava i lov og forskrift.

Stavanger 19. april 2013

Rapporten er laga av:

Reidar Johnsen
revisjonsleiar

Grete Flåten
revisor

Innhald

Samandrag	1
1. Bakgrunn for tilsynet	3
2. Rammer for tilsynet	3
3. Hovedinntrykk	3
4. Resultat frå tilsynet	4
5. Grunnlagsdokument	5
6. Deltakarar ved tilsynet	5

1. Bakgrunn for tilsynet

Tilsynet er gjennomført med heimel i lov 26. juni 2010 om kommunal beredskapsplikt, sivilbeskyttelse og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelseslova) § 29 og forskrift 22. august 2011 om kommunal beredskapsplikt § 10.

Tema for tilsynet var Klepp kommune si oppfyllding av beredskapspliktene etter §§ 14 og 15 i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt. Vi ville undersøke om kommunen i tråd med krava i lov og forskrift hadde:

- ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse)
- lagt ROS-analysen til grunn for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i kommunen og for utarbeiding av planar etter plan- og bygningslova
- ein overordna beredskapsplan.

2. Rammer for tilsynet

Tilsynet er gjennomført etter prinsippa for systemretta tilsyn. Skriftleg revisjonsvarsel blei sendt 23. mai 2012. Fylkesmannen har granska relevant dokumentasjon på førehand. På tilsynsdagen hadde Fylkesmannen opningsmøte, intervju med sentrale personar i kommunen og sluttmøte.

Denne rapporten handlar om eventuelle avvik og merknader som er avdekka under revisjonen. Avvik er manglande etterleving av krav fastsette i føresegnene om kommunal beredskapsplikt i sivilbeskyttelseslova og/eller i forskrift til kommunal beredskapsplikt. Merknad er funn det er grunn til å peike på for å sikre forbetring i oppfølging av føresegnene i beredskapsplikta.

Vi gjer merksam på at tilsynet ikkje gir ei fullstendig vurdering av kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap

3. Hovudinntrykk

Klepp kommune ligg midt på Jæren og har i overkant av 18.000 innbyggjarar. Landskapet er prega av bølgjande jordbrukslandskap, grunne innsjøar og lange sandstrender. Kommunen er den nest største jordbrukskommunen i Rogaland. Dei andre hovudnæringane er industri og privat og offentleg tenesteyting. Jernbanen går gjennom kommunen, og det same gjer den trafikkerte fylkesveg 44. Når det gjeld risikopotensiale i kommunen vil vi trekke fram risiko knytt til næring, infrastruktur og lang kystlinje. Til dømes vil eit utbrot av ein smittsam dyresjukdom kunne skape store utfordringar for kommunen. Det same gjeld ei forureiningsulukke langs dei sårbare strendene i kommunen eller ei stor jernbaneulukke.

Når det gjeld arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap har kommunen jobba over tid med å utvikle ulike metodar for risiko- og sårbarheitsanalysar. Klepp kommune har utvikla DagROS som i dag blir nytta av fleire kommunar. I tillegg har dei laga planROS knytt til planarbeidet i kommunen. Likevel har ikkje kommunen ein heilskapleg ROS-analyse på plass. Når kommunen lagar denne analysen er det viktig at dei tenkjer nytt og tar med seg framtidige risikoutfordringar.

Når det gjeld beredskap har kommunen hatt hendingar som har kravd ekstra innsats. Vi kan nemne Malm Orstad-ulukka og det store snøfallet 12 -15 desember 2012. Kommunen

etablerte krisestab i samband med ulukka ved Malm Orstad. Dei etablerte og forsterka krisestab i forkant av snøvêret, men hadde ikkje stab under sjølve hendinga. Fylkesmannen har likevel inntrykk av at Klepp har ein relativ høg terskel for å etablere kriseleiing. Dei kan med fordel etablere kriseleiing tidlegare og heller permittere delar av denne dersom det ikkje er naudsynt at heile kriseleiinga er samla. På denne måten får kommunen testa etablering av kriseleiing, roller og oppgåver. Ei utfordring er at sjølv om dei faste medlemma i kriseleiinga er drilla og langt på veg kjenner si rolle, må og dei som skal tre inn i desse rollene ved fråver kunne dette. Vi kan ikkje sjå at beredskapsplanen slik den er i dag fungerer som ein rettleiar for dei som må tre inn i ei slik "uvant" rolle.

4. Resultat frå tilsynet

Følgjande avvik blei avdekka under tilsynet med Klepp kommune:

Avvik 1

Kommunen sin heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyse oppfyller ikkje krava i lov og forskrift.

Avvik frå følgjande lov- og forskriftskrav:

Sivilbeskyttelseslova § 14

Forskrift om kommunal beredskapsplikt §§ 2, 3 og 9.

Utfyllande kommentarar:

- Kommunen har ikkje ein heilskapleg ROS-analyse. Dei har starta arbeidet med å lage denne, men arbeidet stoppa opp og var ikkje ferdig på tilsynstidspunktet.
- Kommunen har ikkje dokumentert at dei har vurdert framtidige risikofaktorar i kommunen, vurdert behovet for befolkningsvarsling, evakueringssituasjonar, risiko utanfor kommunen og særlege utfordringar knytt til tap av kritisk infrastruktur.

Avvik 2

Overordna beredskapsplan oppfyller ikkje krava i lov og forskrift.

Avvik frå følgjande lov- og forskriftskrav:

Sivilbeskyttelseslova § 15

Forskrift om kommunal beredskapsplikt §§ 4-9.

Utfyllande kommentarar:

- Beredskapsplanen er ikkje utarbeidd med utgangspunkt i ein heilskapleg ROS-analyse.
- Beredskapsplanen er ikkje tilstrekkeleg oppdatert. Planen bærer preg av at den blei utarbeidd for elleve år sidan. Sjølv om det har vore oppdateringar er det ikkje dokumentert at planen er etter ny lov og forskrift.
- Plan for kommunen si kriseleiing, det vil seie oppgåver, roller og fullmakter, må vere meir tydelig og avgrensa.
- Varslings- og ressurslistene er ikkje fullstendige og må oppdaterast.
- Det manglar både plan for evakuering og befolkningsvarsling.

- Plan for kriseinformasjon må vere meir utfyllande. Det må vere ei oversikt over kva oppgåver som skal gjerast og kven som skal gjere desse. Varsling internt i kommunen er fråverande i planen.

Sidan kommunen manglar ein heilskapleg ROS-analyse har Fylkesmannen ikkje gått inn på § 3 i forskrifta om heilskapelege og systematiske samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid. Dette arbeidet skal vere dokumentert forankra i den heilskapelege ROS-analysen.

5. Grunnlagsdokument

Oversikt over dokument som vart nytta under tilsynet:

- Organisasjonskart for Klepp kommune
- Å bu i Klepp. Kommuneplan 2010-2021
- Krise og beredskapsplan for Klepp kommune, godkjent 24. januar 2002, sist revidert 24. januar 2013
- Utdrag av førebels samanstilling av kommuneROS
- KommuneROS (ROSVurderingar som skal vere grunnlag for heilskapleg ROS – laga i 2011 og 2012)
- InformasjonsROS
- PlanROS gjort i samband med reguleringsplanen N12 (2011)
- PlanROS gjort i samband med reguleringsplanen Trelasten (2012)
- PlanROS gjort i samband med reguleringsplanen Øksna Bruk (2012)
- Rapport etter beredskapstilsyn 19. september 2007.

6. Deltakarar ved tilsynet

I tabellen under er det gitt ei oversikt over deltakarar på opningsmøte, intervju og sluttmøte.

Navn	Funksjon /stilling	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Ane Mari Braut Nese	ordførar	X	X	X
Ivar Undheim	rådmann	X	X	X
Kåre Strand	kommunalsjef, etat for lokal utvikling	X	X	X
Frank Bjørnø	beredskapskoordinator	X	X	X
Svein Oftedal	rådgivar, lokal utvikling	X	X	X
Hege Skotheim	plan- og næringsjef	X	X	X
Espen Åvitsland	personal- og organisasjonssjef		X	X

Frå Fylkesmannen i Rogaland deltok:

- Reidar Johnsen, revisjonsleiar/fylkesberedskapssjef
- Grete Flåten, revisor/seniorrådgivar
- avdelingsdirektør Lone M. Solheim var med som observatør